

([Kommunelogoen](#) legges inn her etter planvedtak)

Reguleringsplan, detaljregulering for:

jf. plan- og bygningslovens (pbl) kap.12

**Etne kommune. Austrheim, gnr. 37, bnr. 8, 10 / gnr. 36, bnr. 1, 5, 10 mfl.
Austrheim II, massetak.
Nasjonal arealplan-ID 1201_201407**

Saksnummer	15/2703
Siste revisjonsdato føresegner	14.11.2016
Vedteke av kommunestyret	xx.xx.xx

Ein stadfester med dette at føresegne er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

Seksjonsleiar

FØRESEGNER

(pbl § 12-7)

INTENSJONEN MED PLANEN

Føremålet med detaljreguleringsplanen er:

- Sikre tilgang på sand- og grusressursar, og fastsette rammer for vidare drift i uttaksområdet.
- Ivareta miljø- og samfunnsinteresser.
- Legge til rette for ein heilskapleg plan for istandsetting av inngrepet etter at sanddrifta tek slutt.

For utfyllande opplysningar vises det til planskildringa datert 14.11.2016

§ 1.

FELLES FØRESEGNER

- 1.1 Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka gjenstandar, spor, konstruksjonar eller anna som er frå tidsperiodar dekkja av Kulturminnelova, må arbeidet stoppast omgåande og kulturminnemynde kontaktast, jf. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, Kap. 11, §8, 2.ledd.
- 1.2 Mindre justeringar av juridiske linjer innanfor plangrensa, inntil 5,0 m, kan handsamast gjennom søknad om tillating til tiltak dersom hovudtrekka i planen ikkje vert endra og endringane ikkje har nemneverdige betydning for andre røyrdede parter eller interesser.

§ 2.

UTFYLLANDE PLANAR OG DOKUMENTASJON

2.1 Heilskapleg istandsettingsplan

- 2.1.1 Landskapsplan, teikning nr. LO001, og snitt A – E, teikning nr. LS001, begge datert 14.11.16, er bindande i høve til hovudform og skråningsvinkel (1:1.5). Teikningane er elles retningsgjevande for utforming av planområdet i høve til terrengnivå.

§ 3.

REKKEFYLGJEKRAV

3.1 Tiltak innanfor planområdet

- 3.1.1 Før ein kan ta ut massar innanfor føresegningsområde # 1, må det gjerast ei geoteknisk vurdering knytt til stabilitet (fare for lausmasseskred). Dersom vurderinga viser fare for lausmasseskred må det utarbeidast tiltaksplan for sikring mot lausmasseskred i driftsperioden.

3.2 Krav til istandsetting

- 3.2.1 Felt BRU1 skal avsluttast som vist på landskapsplan, datert 14.11.16. Terrassekanten skal avsluttast som ei rett linje. Landskapet skal settast i stand og byggast opp, slik at arealet kan nyttast til landbruksområde og landbruksveg i samsvar med godkjent driftsplan.
- 3.2.2 Felt BRU2-4 skal avsluttast som vist på landskapsplan, datert 14.11.16. Terrassekanten skal avsluttast som ei rett linje. Landskapet skal settast i stand og byggast opp, slik at arealet kan nyttast til landbruksområde og landbruksveg i fylgjande rekkefylgje:
- Føresegningsområde # 5 innan 2017
 - Føresegningsområde # 6 innan 2019
 - Føresegningsområde # 7 innan 2020
 - Areal elles, skal settast i stand og byggast opp i samsvar med godkjent driftsplan.
- 3.2.3 Felt SV og SVG skal avsluttast som vist på landskapsplan, datert 14.11.16. Landbruksveg skal primært fylgje nordre trase jamfør §6. Landskapet skal settast i stand og byggast opp, slik at arealet kan nyttast til landbruksområde og landbruksveg i samsvar med godkjent driftsplan.

§ 4.

EIGARFORM

4.1 Felles arealføremål

- 4.1.1 f_SV ligg i hovudsak på gnr. 37, bnr. 8, med ein liten flik ligg på bnr. 14. Veggen er felles for gnr. 37, bnr. 8 og bnr. 14.

§ 5.

BYGNINGAR OG ANLEGG

(pbl § 12-5 nr.1)

5.1 Råstoffutvinning - driftsperiode

- 5.1.1 Område avsett til råstoffutvinning, BRU1-4, kan nyttast til uttak av sand- og grusmassar.
- 5.1.2 Område BRU2 kan kryssast ved uttak av masse på gnr. 37, bnr. 1 og 10.
- 5.1.3 Drifta av uttaka skal skje i hending til dei til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter og reglar for slike anlegg vedrørende drift, støv, forureining, trafikk, fare eller andre vesentlege miljøulempar.

Drifta av verksemda skal ligge innanfor rammer skildra i støyretningslinje T1442 - 2012 og kapittel 30 i forureiningsforskrifta.

- 5.1.4 Sedimentbasseng innanfor område avsett til råstoffutvinning skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vedlikehald.
 - 5.1.5 Vasskvaliteten i utlaupsbekkar frå sedimentbasseng skal overvakast med årlege vassprøvar som skal fylgjast opp gjennom driftsplan.
 - 5.1.6 Felt BRU1 og 2 skal kunne synfarast i undervisningssamanheng i regi av skule / universitet (Geologiske interesser). Synfaringa må avtalast med aktørar i uttak, samt avpassast i høve til driftssituasjonen i uttaket, på det tidpunktet synfaringa skjer. Aktørar i uttak avgjer kva delområde som eignar seg for synfaring, utifrå gitt driftssituasjon.
- 5.2 Råstoffutvinning – etter avslutta drift
- 5.2.1 Felt BRU1-4 skal nyttast til landbruksområde etter at sanddrifta er avslutta.
 - 5.2.2 I samband med undervisning i regi av skule / universitet (Geologiske interesser) skal det vera mogleg for gåande å krysse over felt BRU1 og 2. Kryssing skal skje i randsona til landbruksområda eller langs kanal for open handtering av overvatn.

§ 6.

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRATSRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 2)

- 6.1 Veg (SV)
 - 6.1.1 Felt SV er avsett til veg.
 - 6.1.2 Innanfor felt SV tillatast opparbeiding, bruk og vedlikehald av felles tilkomstveg til eigedomane gnr. 37, bnr. 8 og bnr. 14. Vegen skal primært nyttast til jordbruksføremål, men også for verksemda som har avtale med eigarane av gnr. 37, bnr. 8 og bnr. 14. Vegen kan også nyttast av verksemda som tek ut massar innanfor felt BRU1.
 - 6.1.3 Vegen med tilhøyrande møteplassar skal dimensjonerast slik at den også kan nyttast ved uttak av sand- og grusmassar. Møteplassar skal opparbeidast så tett at det er sikt frå ein møtestad til neste.
 - 6.1.4 Vegen skal tilpassast drifta innanfor felt BRU2-4. Tilpassinga skal primært skje innanfor regulert breidde inklusiv areal avsett til SVG, og skal kunne skje både i horisontal- og vertikalplanet. Vegtrase skal, når tilstøytande areal vert tilbakeført til landbruk, tilpassast framtidig drift og eigedomsgrenser for landbrukseigedomane gnr. 37, bnr. 8 og bnr. 14, og primært fylgje nordre trase mellom punkta A og B, som vist på reguleringsplan med ID R-75. Dersom verksemda som tek ut massar innanfor felt BRU2-4 av driftsmessige årsaker har behov for at vegen mellombels vert forskyvd ut av regulert område, skal dette vera mogleg så framtilfredsstillande alternativ veg stilles til disposisjon.
- 6.2 Anna vegareal grønt (SVG)
- 6.2.1 Felt SVG er avsett til anna vegareal grønt.

§ 7.

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

(pbl § 12-5 nr. 5)

- 7.1 LNF- areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag (LNF)
- 7.1.1 Gjeld felt LNF1 og LNF2.

§ 8.
OMSYNSSONER
(pbl § 12-6)

- 8.1 Bevaring kulturmiljø (pbl§ 11-8c)
- 8.1.1 H570_1. Kulturmiljø omkring lokalitet med ID 221783.
Arealet ligg nær opp til automatisk freda kulturminne, Askeladden Id 221783. Omsynssona skal ta vare på sammenhengen i kulturlandskapet.
- 8.2 Bandlegging etter lov om kulturminner (pbl§ 11-8d)
- 8.2.1 H730_1, ID 221783
Innanfor omsynssona finst automatisk freda kulturminne, Askeladden Id 221783. Tiltak som vil påverke terrenget djupare enn pløyedjupne – t.d. bakkeplanering og grøfting – er ikkje tillate jf. kulturminnelova §§ 3 og 4.

§ 9
FØRESEGNSSOMÅDE
(kartforskrifta)

- 9.1 Føresegnssområde # 1
Krav om geoteknisk vurdering knytt til stabilitet (fare for lausmasseskred), i samsvar med § 3.
- 9.2 Føresegnssområde # 2
Automatisk freda kulturminne, Id 222345. Ordlyd vert definert av Riksantikvaren i samband med høyringa
- 9.3 Føresegnssområde # 3
Automatisk freda kulturminne, Id 221784. Ordlyd vert definert av Riksantikvaren i samband med høyringa
- 9.4 Føresegnssområde # 4
Automatisk freda kulturminne. Id 222344. Ordlyd vert definert av Riksantikvaren i samband med høyringa
- 9.5 Føresegnssområde # 5-7
Krav om istandsetting til landbruksområde i samsvar med § 3.

VEDLEGG

RETNINGSSGJEVANDE:

1. Detaljregulering Austrheim II, Landskapsplan, teikning nr. LO001, datert 14.11.2016.
2. Detaljregulering Austrheim II, Snitt A – E, teikning nr. LS001, datert 14.11.2016.